



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato: 25.03.2021
Vår ref: 2020/17823

Dykkar dato: 13.03.2021
Dykkar ref: 20/15639 - 21/17437

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Klage på dispensasjon for naust - Alver - 83/1 - Spjotøy

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.03.2021. Saka gjeld søknad om nytt dobbelt naust knytt til areal avsett til #10 på Spjotøy, i kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 -2023. Det er vist til at den plasseringa som er vist til i kommuneplanen er uhensiktsmessig sidan det ved lågvatn ikkje er sjø igjen i botn av vågen. Det er difor søkt om å trekke naustet 3 meter lengre ut i vågen enn LNF-spreidd området i KDP legg opp til.

Det omsøkte tiltaket ligg i område som er definert som LNF-spreidd naust, #10, der ein kan føre opp eit naust og i bruk og vern av sjø og vassdrag i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023. Det vart i 2019 gjeve dispensasjon for å oppføre to naust innanfor området. Ny søknad er ei endring av utforming av nausta frå to naust til eit dobbeltnaust og ei endring av plassering. Etter det vi kan sjå er tiltaket i strid med byggjegrense mot sjø (tbl. § 1-8), føresegen 4.34 i KDP om utforming av naust og med formål i sjø og på land.

Kommunen gav avslag på dispensasjonen, men vedtaket vart klaga på. Klagen vart handsama av utval for areal, plan og miljø i møte den 10.03.2021, der Alver kommune sitt vedtak i sak 20/15639, datert 21.12.2020 vart omgjort og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 036/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/15639, datert 21.12.2020 vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet i Kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 og § 4.34 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 for oppføring av omsøkt dobbeltnaust.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon i denne saka ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggjeforbodet i LNF-området, samt at det ligg føre ei overvekt av fordeler i høve til ulemper knytt til tiltaket.

Grunngjeving:

Omsyna bak byggjeforbodet i LNF området er å ivareta landbruk, natur, landskap- og friluftsinteresser,



slik at desse arealinteressene ikkje vert forringa eller får redusert kvalitet. Omsyna bak byggeforbodet i LNF-området vert etter utvalet si vurdering ikkje vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt dobbeltnaust. Det vert her vektlagt at arealet som var avsett til dei to nausta i kommunedelplanen hadde ei ugunstig form som var lite tilpassa terrenget tilhøva på staden, og at arealet som no vert omsøkt bygd på ikkje er større enn det som ligg inne som byggjeområde i kommuneplanen.

Ulempene er som følgjer:

Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggeforbodet i LNF område i utgangspunktet vert praktisert strengt.

Fordelane er som følgjer:

-Endring av plasseringa vil ikkje medføra ulempar for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftslolvkulturminne, eller forringa kvaliteten til landskapet på staden, jf. dei omsyn LNF-føremålet på staden er meint å ivaretaka.

-Den omsøkte lokalisering vil medføra at ein unngår sprenging på sør og austsida av dobbeltnaustet.

-Den omsøkt plassering gjev nausta kontakt med vassflata ved høgvatn, så båtar lettare kan takast inn i nausta, slik at funksjonaliteten bygget skal ha knytt til båtbruk vert betre.

-Omsøkt lokalisering sikrar at det vert god tilkomst rundt dobbeltnaustet mot aust, ved at det vert større avstand til hytta på feste nr. 2.

-Dobbeltnaustet vil ikkje stenga vågen meir enn det 2 separate naust innafor det avsette arealet til naust i kommuneplanen ville ha gjort.

Utval for areal, plan og miljø vurderer difor at fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge vilkåra for å kunna gje dispensasjon frå byggeforbodet i LNF området i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er difor oppfølgt.

Utval for areal, plan og miljø viser til at etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det er rett å gje dispensasjon på bakgrunn av argumenta vist ovanfor utan vilkår.»

Statsforvaltaren i Vestland klagar med dette på utval for areal, plan og miljø sitt vedtak 036/21 i møte 10.03.21.

Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Forbodet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø veier tungt. jf. Ot. prp. 32 (2007-08) side 243.

Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) rådde i frå dispensasjon i brev av 14.12.2020. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Vi viser til uttale som grunnlag for klaga:



«Fylkesmannen si vurdering er at området har store strandsoneverdiar. Vika er regna som ein del av friluftslivområdet Lindåspollane/Lindåsosane som er vurdert som svært viktig. Noko av det som gjer området attraktivt er landskapet.

Sjøarealet utanfor er også del av marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane. Verneområde startar på -2 meter, og kommunen må vurdere om tiltaket er i konflikt med verneområdet.

Det omsøkte dobbelnaustet bryt med at naust skal vere enkeltståande og har også ei lågare takvinkel enn kommunedelplanen opnar for jf. føresegn 4.34 i KDP. Fylkesmannen meiner at eit dobbelnaust vil vere meir dominerande i landskapet enn to enkeltnaust. Ved å legge opp til dobbelnaust og flytte det ut i viken vil ein fylle opp nesten heile viken med naustet. Vi opplever dette som svært negativt for strandsone interessene, og viser til vår klage datert 22.02.2019, dykkar referanse 18/3607, på tidlegare søknad om plassering av naust. Ny plassering vil også ligge utanfor området sett av til spreidd naust og vi føre til fylling i sjø. Det er i tillegg viktig at naustet ikkje fører til at allmenta ikkje kan nytte vika til friluftsliv. Det må vere mogleg å ta seg rundt nausta. Vi opplever den nye løysinga som dårlegare for allmenta.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i denne saka. Naust i dette området må plasserast innanfor området sett til LNF-spreidd naust og må vere i samsvar med føresegn 4.34 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.»

Statsforvaltaren har ikkje endra syn i saka. Ein flytting av nausta lengre ut i vågen og eit dobbelnaust, vil vere uheldig for friluftslivet og opplevinga av landskapet. Om området avsett for LNF-spreidd naust ikkje egnar seg for oppføring av naust, bør ein sjå på endra plassering i ein kommuneplanprosess. Ein bør isåfall sjå på andre område enn denne vika. Vi vurderer det som uheldig både å flytte nausta ut i sjøen og å avvike kommunedelplanen sitt føresegn for utforming av naust. Det er også allereie gjeve dispensasjon for dobbelt så mykje som det kommunedelplanen opna for. Då Statsforvaltaren vurderte den saka var det avgjerande for oss at tiltaket ikkje gjekk utover formålgrensa for spreidd-naust og at det var snakk om to enkeltståande naust, og som kommunen då vurderte at det var plass til innanfor området.

Statsforvaltaren si vurdering er etter dette at omsyna bak byggjeforbodet i strandsona og dei statlege føringane for arealforvaltninga som denne sikrar, vert vesentleg tilsidesette dersom det vert gitt dispensasjon for naust. Jf. elles pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan vi heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Statsforvaltaren i Vestland klagar difor på Alver kommune sitt vedtak i møte 10.03.2021, sak 036/21.

Statsforvaltaren ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon, slik det er søkt om. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN